

Fra: Marius Flemmen Knudsen
Sendt: 9. desember 2014 15:41
Til: 'Helge Henanger'
Emne: SV: Mottak av masse på Langeland

Hei.

Viser til dykkar e-post 09/12.14 med utgreiing angående mottak av masser på Langeland. Angående synfaring, Meland kommune gjerne ha ein synfaring av området. Kan 18/12.14, kl.13.30 vere eit tidspunkt som passer?

Frå kommunen vil Laila Bjørge, Tore Johan Erstad og Marius Flemmen Knudsen stille. Kommunen vil nytta synfaringa til å få meir klarheit i omfanget av tilførte masser og varigheten av tiltaket.

Dersom tidspunktet ikkje skulle passe, så kontakt underteikna for å finne ein annen dato som passer.

Venleg helsing

Marius Flemmen Knudsen

Skog- og miljøkonsulent i kommunane Meland og Modalen

Sentralbord 56 17 10 00
postmottak@meland.kommune.no



[Sjå brosjyren vår](#)

Fra: Helge Henanger [<mailto:hena@online.no>]
Sendt: 9. desember 2014 11:05
Til: Marius Flemmen Knudsen
Emne: Mottak av masse på Langeland

Hei.

Viser til brev av 05.12.2014 ang.mottak av masse på Langeland.Arbeid med oppgradering av jordbruksareal på Langeland starta i 1997 på Gnr 24 Bnr 7 og sidan den tid har Gnr 24 Bnr 9 ,1 og 5 fått tilført masser.Arbeidet er utført for å gi eit meir rasjonelt areal med høgare avlingsnivå.

- Det vil heile tida bli tilført nok masser til å opnå overflatefall på teigane.(viser til ferdig sådd areal)
- Det vert i hovudsak tilført jord men der det er nødvendig med drenering vert det nytta stein/singel
- Så lenge det er tilgang på egna masser vil det vere ei nødvendig og kontinuerlig oppgradering av areal

- Prinsippa som er nytta fram til i dag ved utforming av jordbruksareal på Langeland vert også vidareført i framtida
- Det vert teke omsyn til miljøet etter vanlig norm i landbruket
- Det vert ikkje endra bruk av jordbruksarealet utan at arealet vert avsett til anna formål i den nye kommuneplanen
- Det vil heile tida vere eit varierende omfang av tungtrafikk men det er tatt hensyn til dei tidene barna vert kjørt til og fra Sagstad skule

Håper du har mulighet til å sette av tid til ein synfaring i området både på ferdig sådd areal og prosjekt under arbeid.

Mvh
Helge Henanger